

Årsmelding 2006

for Røsok Bygdelag.

Røsok bygdelag har i 2006 hatt fokus på oppsetting av gatelys. Det har vore halde 2 styremøte og handsama 5 saker.

Bygdelaget har pr. 31.12.06 42 medlemmar.

På årsmøtet 27. februar 2006 vart det valt dette styret:

Leiar: Willy Breivik – 2 år
Nestleiar: Frank Vassgård . 1 år
Kasserar: Karin B. Grytten – 1 år
Sekretær: Kirsti Flatøy – 1 år
Styremedlem: Sigmund Morsund – 2 år
Styremedlem: Janne Iren Ingebrigtsen – 2 år
Revisor: Svein Ove Søholt – 2 år
Valnemd: Hans Olav Emblem – 3 år
Evelyn Breivik – 2 år
Torill Vassgård – 1 år

Prosjekt det har vore jobba med:

GATELYS – 18.10.06 lyste dei for første gong

18.09.06 starta ein med oppmåling / oppsetting av gatelysa. Dei vart oppsett på ein månad. I etterkant vart lysrekka forlenga nordover med 3 master.

Kostnadene ved gatelysa vart dekt av innsamla midlar + at lysrekka vart oppsett på dugnad.

Sandøy kommune har teke over drift og vedlikehald av gatelysa.

Fotballbane

Det har vore arbeid med å få til ein leigeavtale for grunn. I mellomtida har det imidlertid dukka opp eit anna alternativ til fotballbane. Dett vil bli orientert om og event. gjort vedtak om på årsmøtet 2007.

Dugnader

Det har vore gjennomført ei rekke dugnader:

- grusing av naturstiar for Sandøy kommune
- div. oppdrag for I.P. Huse
- oppsetting av gatelys

Søndagskaffe

I sommarhalvåret har ein hatt søndagskaffe på Røsokhamna ein gong for månaden. Det har vore varierende framømte. Tiltaket har imidlertid fått positiv tilbakemelding frå dei som har vore der.

Busskur på Røsok.

Bygdelaget sende søknad til Sandøy kommune om løyve til å flytte busskuret som stod attmed krysset inn til Katthammaren. Dette vart innvilga og det har blitt flytta til motsatt side av hovudvegen der vegen frå Sigmund Morsund m. fl. kjem inn på hovudvegen. Arbeidet vart gjort på dugnad.

Heimeside.

I løpet av hausten kom bygdelaget med eiga heimeside. Sida er fortsatt under utarbeiding, men er vel verdt å ta ein titt på. Har de stoff til heimesida så send det på e-post til vegard@muriaas.no Heimesida finn de på www.rosokbygdelaag.net

Røsok 06.05.07

Kirsti Flatøy
- sekr.-